



Til aksjonærane i Njøs næringsutvikling AS

Dykkar ref:

Vår ref.: 65/2018 SHH

Sted/Dato Leikanger 12.11.2018

## Endringar i strukturen ved Njøs frukt- og børsenter, Njøs næringsutvikling AS

Det har ei tid pågått ein prosess med å vurdera om den noverande organiseringa på Njøs frukt- og børsenter er eigna til å møta framtida. Styret i Graminor gjorde i sitt møte den 26.oktober 2018 vedtak om å flytta jordbærforedlinga til Njøs, slik at all sortsforedling i frukt og bær vert samla på Njøs. Dette ser ein som nødvendig for å sikra rekruttering og kunna ha eit sterkt nok fagleg fundament. For å gjera det administrativt effektivt ved eininga, ynskjer ein å kjøpa desse tenestene hjå eit eige selskap på Njøs, og flytta Graminor sine tilsette på Njøs over til dette selskapet. Njøs næringsutvikling AS bør då endra namn p.g.a. at arbeidsoppgåvene vert vesentleg endra for dette selskapet, og aksje-emisjon må vurderast. Det er ein føresetnad for vedtaket at regionen og aksjonærane deltek i nødvendig finansiering og utvikling av selskapet.

Parallelt med denne endringa i driftsselskapet, føreset ein at Bjørke eigedom AS sel eigedomen på Njøs til eit nytt lokalt eigedomsselskap, som får som føremål å syta for god infrastruktur til aktiviteten på Njøs. Ein vurderer dette som den beste løysinga for utvikling av eit nasjonalt frukt- og børsenter på Njøs.

I tida framover mot jul, vil dagleg leiar og styreleiar ha møte med dei største aksjonærane i Njøs næringsutvikling AS, og med andre potensielle investorar og aksjonærar. Styret vil handsama saka i møte den 12. desember.

Med helsing

Stein Harald Hjeltnes  
(dagleg leiar i Njøs næringsutvikling AS)  
/s/

Idun Christie  
(styreleiar i Njøs næringsutvikling AS)  
/s/

Kopi til styret i Njøs næringsutvikling

